



Terje Foss  
Tømmervika 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/685 - 19/25640

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2019

## Pålegg om klypp av hekk og buskvekstad langs kommunal veg - Gbnr 137/388 Tømmervika 1

Teknisk drift viser til vårt brev av 27.05.2019 der vi anmoda Dykk om å få utført klypp av vegetasjon som tek sikt i kommunalt vegkryss og langs kommunevegen.

Teknisk drift gjer merksam på at det er den einskilde grunneigar som har ansvar for at hekker og anna vegetasjon ikkje tek sikt i kommunale vegkryss og i avkjørsler. Den einskilde grunneigar skal også sørgje for at vegetasjon ikkje veks ut over eigedomsgrensa.

### Pålegg klypp av hekk:

Teknisk drift pålegg Dykk, som grunneigar, om å få utført klypp av hekk og anna vegetasjon som veks i siktsoner til kommunalt vegkryss. I siktsoner skal vegetasjon ikkje være høgare enn 0,5meter over kommunalt vegnivå. Høgde i siktsoner er fastsett i regelverk (lover, forskrifter og normalar). Vegetasjon rundt kableskap og veglys må fjernast slik at ein får tilkomst til dette.

Teknisk drift sett no ei frist for utføring av klypp av vegetasjon.  
Frist for utføring av klypp er sett til: **Onsdag 11 september 2019.**

Dersom arbeid ikkje er utført innan gitte frist, vil kommunen få utført arbeid for Dykkar rekning. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr. Sluttresultat vert svært grovt. Resultatet vert betre om De som eigar får utført arbeidet sjølv. Dersom kommunen må utføre arbeid vil kvist og anna avfall verte lagt inn på eigedommen.

*Det er med heimel i Veglova med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til vegetasjon i siktsoner til offentlege vegkryss og innanfor regulert byggegrense mot veg. Byggegrense har som føremål å ta vare på dei krav ein måtte ha til vegsystemet. Vegetasjon som tek sikt i vegkryss, avkjørsler og i svinger utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs offentleg veg. I tilfeller der vegetasjon utgjer ei fare, kan kommunen utføre arbeid utan ny varsling.*

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Lindås kommune ved einingsleiar  
Teknisk drift  
Vegdrift Lindås kommune

**Mottakarar:**

Terje Foss

Tømmervika 1

5911

ALVERSUND